

Referat frå møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: Måndag 8. desember 2025 kl. 13.30-15.00

Stad: Rom 435 HF-bygget

Til stades: Aidan Conti (undervisningskoordinator), Anne Beate Maurseth (allmenn litteraturvitskap), Hanna-Riikka Roine (digital kultur), Helga Mannsåker (nordisk språk), Anna Bohlin (nordisk litteratur), Ann-Kristin Helland Gujord (norsk som andrespråk), Sander Jensen Schipper (teatervitskap), Pär Sandin (klassisk), Marianne van Baar (Norsk kursa), Ragnhild Lie Anderson (lektorutdanninga), Henning Laugerud (kunsthistorie), Jens Eike Schnall (norrøn filologi), Christer Johansson (språkvitskap), Cornelius Vestvik, (studentrepresentant), Signe Nilssen (sekretær)

Frå administrasjonen: Amund Sørås, Veronica Christensen, Dina-Eirin Kleppe Leikanger, Linnea Reitan Jensen, Ingeborg Storebø

Meldt forfall: Ulla Kallenbach

Ikkje møtt: Aline Pena Gill, Sandra Sandnes

Saksliste

UUI-sak 18/25: Godkjenning av innkalling og saksliste.....	1
UUI-sak 19/25: Orienteringssaker.....	1
Orienteringssak 1: Datoar for fagkoordinatorseminar og allmøte om undervisning våren 2026	1
UUI-sak 20/25: Vedtakssaker	2
Vedtakssak 1: Oppretting av arbeidsgruppe for revisjon av mandat for UUI	2
Vedtakssak 2: Emnepakkar der LLE er bidragsytarar	2
Vedtakssak 3: Møtedatoar for 2026.....	3
UUI-sak 21/25: Ymist.....	3

UUI-sak 18/25: Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: UUI godkjenner innkalling og saksliste

UUI-sak 19/25: Orienteringssaker

Orienteringssak 1: Datoar for fagkoordinatorseminar og allmøte om undervisning våren 2026

Fagkoordinatorseminar: 2. februar (14-16) og 24. mars (9-11)

Allmøte om undervisning: 23. april (14-16)

Vi sender ut Outlook-innkalling til desse datoane.

UUI-sak 20/25: Vedtakssaker

Vedtakssak 1: Oppretting av arbeidsgruppe for revisjon av mandat for UUI

Vi opprettar følgjande arbeidsgruppe for revisjon av mandat for UUI for å synleggjere internasjonalisering betre:

Jens Eike Schnall

Aline Pena Gill

Veronica Christensen

Vi ber om at arbeidsgruppa legg fram nytt framlegg på første møte i 2026.

Vedtak: UUI vedtar samansettinga av arbeidsgruppa.

Vedtakssak 2: Emnepakkar der LLE er bidragsytarar

Vedlegg: [Emnepakkar til UUI](#)

Det blei sendt ut sju emnepakkar saman med innkallinga, men mappa blei oppdatert med ytterlegare ni same dag som UUI-møtet. Dei pakkane som kom seint, må vi ta på sirkulasjon.

1. Frå lydar til betydning (fagleg kontaktperson Bente Hannisdal og Christer Johansson) – godkjent.
2. Kunstig intelligens og digitale teknologiar – godkjent.
3. Digital Aesthetics and Creation – godkjent
4. Digital Technology and Society – godkjent
5. Språk, litteratur og mytologi i vikingtid og mellomalder – godkjent
6. Førmoderne kunst og kultur – godkjent (med forankring hos teat og kla)
7. Språkleg betydning – filosofiske og lingvistiske perspektiv - godkjent
8. Undervisningskompetanse i norsk som andrespråk etter Integreringslova (kontaktperson Ann-Kristin Helland Gujord) – godkjent
9. Det fleirspråklege Noreg – godkjent

Vedtak: UUI godkjenner emnepakkane som er lista opp her, og tilrår vidaresending til vedtak i Styrestyret.

Vedtakssak 3: Møtedatoar for 2026

Framlegg til møtedatoar for 2026 (13.30 – 15.00):

- 16. februar
- 13. april
- 1.juni
- 14. september
- 26. oktober
- 7. desember

Vedtak: UUI godkjenner dei foreslåtte møtedatoane for 2026.

UUI-sak 21/25: Ymist

Det har kome ein førespurnad om å diskutere arbeidsdelinga mellom administrasjonen og vitskapleg tilsette, men vi ønsker ein betre prosess på å kartlegge praksis på instituttet, og vi treng betre oversikt over forventingane frå begge sider. Vi opprettar eit skjema, som vi så kan ha som utgangspunkt for ein diskusjon på fagkoordinatorseminaret.